

Til Lindås kommune

Uttale til Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028

Utdanningsforbundet Lindås synst at Kvalitetsplanen, slik som han er lagt fram for høyring, er ein god plan. Planen er heilskapleg, og synleggjer organisering, satsingsområde, mål og til dels arbeidsmåtar som det er viktig at tilsette innan oppvekstsektoren kjenner til. Det er trong for tettare samarbeid mellom dei ulike delane av sektoren, og planen peikar på kva ein forventar av dette samarbeidet. Det er òg positivt at planen skal vere forankra i økonomiplanen, og at det allereie er peikt ut nokre økonomisk prioriterte område.

Men det er likevel nokre moment vi vil peike på. Når Utdanningsforbundet Lindås kjem med denne uttalen, er det ikkje for å kritisere, men for å bidra til å gjere planen endå betre. Både når det gjeld språk og innhald finn vi ting som kan forbetrast. I tillegg finn vi nokre punkt som vi stiller spørsmål til.

Korrektur generelt:

- Det er viktig at heile dokumentet held seg til same rettskrivingsnorm og ordval, og at nokre reine skrivefeil vert retta opp. Bør det t.d. i siste setning s.7 stå «bidrar» eller «bidreg»?
- Vi saknar at det skiljast mellom «og» og «òg». Det vil lette forståinga for lesarane. Døme i nest siste avsnitt s.15.
- Ein bør ikkje liste opp ord med skråstrek, t.d. «metodar/program/tiltak» og «handtera/gripa inn». Det gjer ofte innhaldet i setningane meir utydeleg.
- Ordet «gjer» er feilaktig brukt i staden for «gjev» eller «gir», m.a. i 6.linje s.7.
- Det er fleire stader i samband med substantivord ikkje samsvar mellom kjønn og bøyning.

Innhald:

Her går vi kronologisk til verks med innspel, kommentarar og spørsmål.

Side 1:

- Eldre arbeidstakarar kjenner på at dei ikkje er representerte på biletet på framsida. Av 20 tilsette som jobbar med barn og unge ser det ikkje ut til å vere nokon over 50-55 år. I tillegg er kjønnsamansetninga i overkant skeiv, med 17 kvinner og 3 menn.

Side 2:

- Kven har vore representert i prosjektgruppa som det vert referert til i ingressen og i referansegruppa som er nemnt i første avsnitt? Her bør det kanskje visast til det som står på s.11.

Side 6:

- I ingressen på s.6, samt mange andre stader i kvalitetsplanen vert «tidleg innsats» nemnt. Dette er eit omgrep som kan tolkast i ulike retningar ut frå ståstad og graden av kjennskap til arbeid med barn og unge. Litt forklaring på omgrepet står i den eine ramma på s.10. Kanskje bør det visast til den forklaringa på s.6.
- «Aktør» finn ein att mange stader, mellom anna i 2.avsnitt s.6. Det er ikkje alltid like tydeleg kven som reknast som «aktørar» i dei ulike samanhengane. Er det snakk om dei tilsette i oppvekstsektoren, vaksne generelt, eller reknast òg barn og unge med?
-

Side 9:

- Siste linje bør presiserast med «...private barnehagar og private grunnskular».

Side 15:

- Kan «retteleiarer nivå for helsesøstertenesta» erstattast med «tilrådd nivå»?

Side 16:

- Når planen gjeld barn og unge, er det ikkje naudsynt å ta med alle aldersgrupper i figuren med befolkningsprognose. Færre aldersgrupper vil gjere tabellen lettare å lese.

Side 17:

- Orda «stafettlogg» og «stafetthaldar» er ikkje innarbeidde ord og kan verke forvanskande for mange.

Side 24:

- Kommentar til dei åtte punkta midt på sida: Dei krev alle at det er avsett tilstrekkeleg med tid og ressursar. Tilsette opplever det som vanskeleg å bli møtt med auka krav til kvalitet og samhandling, samstundes som bemanning og andre ressursar vert redusert.

Side 26:

- Gjentakning av mellom anna «retteleiarer og kompetansebygging inn mot foreldrerolla».

Side 27:

- I 6.linje bør «konsekvent tilnærming til regulering av barnet» erstattast med «konsekvent grensesetting».
- I tredje siste avsnitt bør «utan omsyn til» erstattast med «uavhengig av».

Side 28:

- Uklart kva som ligg i punktet «Møteplassar for å utveksla praksis».
- Uklart om det i punktet «Dialogmøte med foreldre...» meinast allereie etablerte møteplassar, eller om det skal etablerast nye. Kva meinast med at innhaldet i desse dialogmøta skal definerast saman med FAU og SU?

Side 29:

- Første punkt under «Nye tiltak»: Det står «barn som pårørande», men pårørande til kva?

Side 32:

- I første avsnitt er setninga «å styrka barnehagen og skulen si rolle som helsefremjande og førebyggjande arena» skrive to gongar.

Side 33:

- Vi vil stille spørsmål til at nokre program og system er nemnt med namn i første punkt, medan andre program og system ikkje er nemnt.
- Til 9.punkt under «Tiltak»: Kva legg Lindås kommune i å «Ta i bruk foreldreportal i Visma Flyt skule»? Utdanningsforbundet har i fleire samanhengar vore kritisk til at Lindås kommune ønskjer å opne denne foreldreportalen på ein del område, mellom anna undervegsvurdering i samband med foreldrekonferansar.
- Kva meinast i punkt 10 med «alternativ opplæringsarena»? Her kan ein kome med døme for å klargjere.

Side 35:

- Til siste punkt om opplæring i norsk for barn og unge frå språklege minoritetar (som òg kjem på side 36): Det er ei utfordring i dag at det kjem barn heilt utan norskkunnskapar rett inn i skulen utan at det følgjer med ressursar til å gje desse barna eit eige introduksjonskurs. Vil dette betre seg for framtida? Vi meiner at det òg bør opprettast innføringsklassar for framandspråklege barneskuleelevar.

Side 37:

- Til punkt 4 under «Resultat»: Reduksjon i spesialpedagogisk hjelp føreset ei auka grunnbemanning til ordinær opplæring og styrkingstiltak. Dette må det takast høgde for når ressursar tildelast.
- Til punkt 6 under «Nye tiltak»: Kva sommarskule ønskjer Lindås kommune å opprette? Utdanningsforbundet er mot ei utviding av skuleåret, og er generelt skeptisk til andre typar tilbod som utvatnar skillet mellom skule og fritid. Det er viktig at barn får ferie frå ordinære skuleaktivitetar. Om det med «sommarskule» meinast ein slags «ferieklubb» med ulike aktivitetstilbod, stiller saka seg annleis.

Side 38-39:

- Det er viktig at representantar frå dei tilsette som skal nytte ulike metodar og program, får vere med på å velje og evaluere desse. Det er òg viktig at det blant eigne tilsette blir utdanna kurshaldarar som kan syte for opplæring i og kontinuerleg «vedlikehald» av metodane og programma.

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar